



**SANDØY
KULTURSKULE**



RETNINGSLINER

Reglement for Sandøy kulturskule.

1 Samarbeid mellom skule og heim

Kulturskulen freistar til ei kvar tid å utvikle samarbeidet/kontakten mellom skule og heim. I revideringa av planane våre, nemnt i innleiinga er dette eit av punkta som vil få nytt innhald, men inntil den er politisk vedteken gjeld følgjande:

- Timeplanlegginga tek omsyn til, så langt det er muleg, dei føresette sine ønskje om undervisningsdag og tid.
- Det blir tatt omsyn til busstider og SFO-tider
- Det blir tatt omsyn til andre fritidsaktivitetar slik at eleven slepp «valets kvalar».
- Det blir halde foreldremøte minimum ein gong per år.
- Det blir i særlege høve gitt skriftleg melding heim om tilhøve som har betydning for undervisninga/innsatsen.

2 Samarbeid regulert av forvaltningslova

Innan dette området går samarbeidet direkte mellom skuleleiinga og dei føresette. Sakene omhandlar stort sett praktiske og økonomiske forhold som er regulert av forvaltningslova. Det vere seg forpliktande avtaler om teieplikt, betalingsrutinar, rutinar for registrering av søknader, inn- og utmelding, klage på kontingentfakturering m.m. I tillegg skal følgjande forhold regulerast direkte mellom administrasjonen og heimen:

- frávær frå undervisninga skal meldast til rektor/faglærer
- disiplinære forhold vert, etter vurdering av rektor, meldt frå om til heimen
- foreldre som vender seg til skulen vedr. eleven sitt forhold til undervisninga, har rett til samtale med rektor

3 Reglar som regulerer tilhøvet mellom eleven (heimen) og skulen:

OPPTAK

- Barn frå og med 1. klasse kan søkje om opptak i kulturskulen for ordinær undervisning.
- Øvre aldersgrense er normalt 18 år.
- Eit utvida tilbod omfattar eldre ungdom, vaksne og eldre.
- Ved tilpassa tilbod vil også aldersgruppa 4- 5 år ha tilgang, fortrinnsvis saman med føresette.

AVGRENSA OPPTAK

- Hovudregelen er at alle som søkjer om opptak skal få eit tilbod.

- Dersom ein grunna mangel på lærarkrefter eller kapasitet ikkje får plass til alle søkjarane i ein disiplin, skal ein gi alternative tilbod, eller venteliste vert oppretta. Søkjarane står maks eit år på venteliste.

VENTELISTE

- Søkjarar på venteliste kan få plass i løpet av eit skuleår dersom andre elevar sluttar, eller at kapasiteten vert utvida.
- Dersom søkjarar på venteliste vil oppretthalde ønskje om elevplass komande skuleår, må ny søknad leverast innan søknadsfristen.
- Desse «venteliste-elevane» skal bli tilskrivne i god tid før søknadsfristen går ut.

UTMELDING

- All utmelding skal skje skriftleg, med grunngjeving, innan 1. mai for haustsemesteret, og innan 1. desember for vårsemesteret.
- Elevkontingenten for eit semester skal bli kravd inn dersom utmeldingsfristane ikkje vert haldne.
- Ved flytting gjeld ikkje dei nemnde utmeldingsreglane.

RETT TIL REFUSJON

- Når ein lærar har vore fråverande inntil 3 timar per skuleår, skal eleven få refundert timesatsar.

UTELATING FRÅ UNDERVISNINGA

- Elevar som uteblir frå undervisninga 3 gongar på rad, eller har ustabil frammøte over tid utan å gi melding, og/eller ikkje viser tilstrekkeleg interesse og innsats, kan miste plassen ved kulturskulen.
- I slike høve skal det sendast skriftleg melding til heimen med invitasjon til å diskutere situasjonen.

TEIEPLIKTA

- Teieplikta for personalet i kulturskulen og samarbeidet skule - heim er regulert av forvaltningslova § 13 – 13 f.

4 Øvrige retningsliner for undervisninga

Skulerute

- Kulturskolen sin undervisningsplan følger skuleåret.
- Kulturskolen har dei same fridagane som grunnskolen.
- Informasjonsskriv inkludert skulerute, vert sendt ut til foreldregruppa i byrjinga av kvart skuleår.

Timeplan

- Dersom det ikkje vert gjort spesiell avtale, gjeld den enkelte sin timeplan heile skuleåret

Oppmøte

- Elevane pliktar å møte til rett tid til alle undervisningstimar og konsertar.

Melding om fråvær

- Dersom ein elev ikkje kan møte til undervisning grunna sjukdom eller andre forhold, skal ein melde frå om dette på førehand til faglæraren eller Sandøy kulturskule tlf. 712 77 590.
- Ved slikt fråvær skal læraren nytte ledig tid til a) undervisning av andre elevar eller b) andre gjeremål som kjem skulen til gode.

Avbryte undervisninga/permisjon

- Som hovudregel kan elevar ikkje slutte midt i eit semester. Om så likevel skjer, vert elevbetalinga ikkje ettergitt. (Denne regelen gjeld ikkje i samband med lengre sjukefråvær).
- Permisjon med fritak frå elevkontingenten kan bli innvilga dersom årsaka kvalifiserer for det. Søknaden skal vere skriftleg og vert vurdert etter skjønn.

5 Andre reglar for samspel elev - lærar - skule

Å etablere eit trygt og tillitsfullt forhold mellom lærar og elev er ein absolutt føresetnad for å lykkast med undervisningstilboda. Dei nære relasjonane som oppstår i ein undervisningssituasjon prega av produktpresentasjon og rettleiing, krev pedagogisk innsikt og forståing. Rettleiinga skal vere konstruktiv og basert på eleven sine meistrande evne. Om samarbeidsklimaet og kjemien likevel ikkje stemmer, er det viktig å ta opp problema raskt. Prosedyre og tiltak ved slike samarbeidsproblem er avhengig av omfang og alvor, men følgjande moment er aktuelle:

- avklarande samtale mellom lærar og elev
- avklarande samtale mellom lærar, elev, foreldre

- dersom situasjonen framleis er fastlåst, kan eleven få tilbod om å byte disiplin, gruppe eller lærar
- i heilt spesielle høve kan ein elev bli bortvist. Det skal då sendast melding med grunngjeving heim. Rektor har det overordna ansvaret i slike saker